



HØGSKULEN I VOLDA

Leiinga

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Universitetet i Bergen

5020 BERGEN
Dag Rune Olsen

Dykkar referanse

2015/10827-JULSK

Vår referanse

15/01192-2

Vår sakshandsamar

Johann Roppen, jr@hivolda.no

Vår dato

15.10.2015

Respons på «Intensjonsnotat om eit framtidig og tettare samarbeid mellom HVO og UiB»

Høgskulen i Volda takkar for Dykkar brev av 29. september 2015: «Intensjonsnotat om eit framtidig og tettare samarbeid mellom HVO og UiB».

Vi set pris på at det har kome ein så tydeleg fagleg motivert førespurnad om samarbeid, og i fagmiljøa har førespurnaden frå Universitetet i Bergen vekt stor interesse.

Styret ved Høgskulen i Volda vil i styremøte 30. oktober diskutere strukturprosessen i høgare utdanning. Det er i dag uråd å vite kva plass Høgskulen i Volda får i det store bildet i framtida. Men slik vi ser det er ingen av alternativa i strukturprosessen til hinder for å utvikle eit tettare fagleg samarbeid med Universitetet i Bergen.

UiB har foreslått samarbeid på ei rekkje område, og framlegga er gode utgangspunkt for vidare sonderingar.

10. november 2015 er det styremøte i UH Nett Vest i Bergen, og det hadde vore praktisk om vi kunne fått til eit UiB/HVO møte i samband med det.

Med helsing

Johann Roppen
rektor

Jacob Kjøde jr
direktør